



Protokoll

REPRESENTANTSKAPSMØTE

Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Onsdag 20. mai 2026

Kl. 08.00 i Saunesmarka

Innkallinga gjekk ut til:

- Tine Storøy, Herøy
- Karl-Oskar Sævik, Herøy
- Linn Therese Sævik, Herøy
- Børre Oddmunn Haanes Waagan, Herøy
- Knut Erik Engh, Ulstein - forfall
- Elisabeth Hoddevik, Ulstein
- Oddvar Gjerde, Ulstein
- Bernt Brandal, Hareid
- Jeanette Teigene, Hareid
- Dag Vaagen, Sande
- Camilla Auflem Vik, Sande

I tillegg blei den sendt til revisor, Vest Kontroll, styret og eigarkommunane.

Vedtaksaker:

Sak R01/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak R02/26 Godkjenning av protokollen frå sist møte i representantskapet

Sak R03/26 Val av møteleiar og to representantar til å skrive under møteprotokollen saman med representantskapsleiar og styreleiar.

Sak R04/26 Godkjenning av årsrekneskap for 2025, revisjonsberetning og handsaming av underskot/overskot

Sak R05/26 Godkjenning av eigarmelding for 2025

Sak R06/26 Val av revisor og godkjenning av honorar til revisor etter rekning

Sak R07/26 Godkjenning av retningslinjer for valnemnda i SSR

Sak R08/26 Styreval og fastsetting av styregodtgjersle

Orienteringssaker:

Sak R09/25 Orienteringar v/styreleiar og dagleg leiar i SSR

Vedtakssak R01/26

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Representantskapet godkjende innkallinga og saklista.

Vedtaks sak R02/26

Godkjenning av protokollen frå sist møte.

Vedtak:

Representantskapet godkjennde protokollen frå 5. november 2024.

Vedtaks sak R03/26

Val av møteleiar og to representantar til å skrive under møteprotokollen saman med representantskapsleiar og dagleg leiar.

Vedtak:

Representantskapet valde Karl-Oskar Sævik til møteleiar. Representantskapet godkjende protokollen frå november 2025 og valde Børre O. Hånes Waagan og Jeanette Teigene til å skrive under dagens møteprotokoll.

Vedtakssak R04/26

Godkjenning av årsrekneskap for 2025, revisjonsberetning og handsaming av underskot / overskot

Sjå vedlegga:

- Signert årsrekneskap SSR 2025
- Melding frå revisor SSR 2025.

Rekneskapsåret 2025

I 2025 enda Søre Sunnmøre Reinhaldsverk opp med eit samla resultat før skatt på 3,3 millionar kroner, fordelt med 1,5 millionar kroner på hushald, 1,8 millionar kroner på næring og negativt kr. 10.000 på slam. Det er knapt 2,1 millionar betre enn budsjettet.

Bakgrunnen for det positive resultatet er samansett. Selskapet arbeider kontinuerleg med å halde kostnadane nede, samtidig som det skal utføre samfunnsoppdraget sitt på ein ansvarleg måte. Det har i 2025 vore gjort eit grundig arbeid på fleire frontar med å heve kvaliteten på prosessar og samtidig effektivisere der ein kan. Innbyggjarane skal vere trygge på at avfallet blir henta og handtert sikkert, kostnadseffektivt og miljøvenleg.

Dette har bidrege til lågare kostnader enn venta:

- Kr.800.000 lågare lønskostnad enn budsjettet. Ubemanna grein plass, sidelastar-testing, ingen lærling, god bemanningsplanlegging og overtidskontroll har bidrege til dette. Mindre snø i 2025 enn i 2024 har også verka positivt inn på overtidskostnadene.
- Selskapet har i tillegg brukt mindre pengar enn venta på både straum, arbeidskle, revisjon, drivstoff, reiseutgifter og vedlikehald bilar.
- I 2025 innførte vi dedikerte vedlikehaldsdagar for sjåførane, som har bidrege til tettare oppfølging av bilane undervegs og lågare vedlikehaldskostnader.
- To nedjusteringar av lånerentene har ført til at finanskostnadene blei kr.230.000 lågare enn budsjett. Avskrivingskostnaden var om lag som budsjettet, det same gjeld forsikringar.
- Selskapet klarte seg med éi årleg kverning av hageavfall, i staden for to.

På den andre sida førte dette til høgare kostnader enn venta:

- Større kostnader knytt til materialgjenvinning og farleg avfall. Ein metta marknad for treverk har gjort det dyrare å levere dette vidare. Elles har folk levert inn meir farleg avfall enn året før, og med auka mengd av den typen avfall, aukar også kostnadene til å behandle det på ein forsvarleg måte vidare.
- Kostnaden til pensjonsforsikring ligg høgare enn budsjett. Reguleringspremien i 2025 blei høgare enn venta.
- Leasingkostnaden ligg ein halv million over budsjettet. Det blei gjennom året avdekka at det var budsjettert urealistisk låg kostnad knytt til nye leasingobjekt.
- Reparasjon og vedlikehald av bygg ligg om lag kr. 225.000 høgare enn budsjett. Det har heldigvis vore ein lågare kostnad dei siste månadane av året samanlikna med tidlegare år. Det kan ha samanheng med eit forsøksprosjekt blant dei tilsette for å motivere til høgare konsentrasjon og færre skadar. Reparasjonar og vedlikehald av maskinar/utstyr ligg også knappe kr. 100.000 over budsjett. Største enkeltkostnadar er knytt til vedlikehald av hjulsorteringsmaskina som sorterer grovavfallsfraksjonar.
- Dataprogram/lisensar blei kr. 290.000 høgare enn budsjettert. Dette heng saman med innføringa av fleire nye dataprogram som mellom anna skal sikre god saksbehandling og arkivering, enkel fakturering av næringskundar, detaljerte avfallsrapportar og flåtestyring.

Oppsummert:

- Omsetninga i 2025 vart på 79,6 mill. Den fordelte seg med 56,1mill på hushald, 17,7 mill på næring og 5,8 mill på slam samla.
- Driftsresultatet var på 7,2 mill, budsjettert 5,4 mill. Hushald sto for 4,5 mill, budsjettert 3,5 mill, næring 2,7 mill, budsjettert 2,1 mill og slam totalt negativt kr. 9.000, budsjettert negativt kr. 162.000.
- Netto finanskostnadar var på 3,9 mill, mot eit budsjett på 4,1 mill.

Konsekvensar for sjølvkostfondet

Renovasjonstenestene som SSR utfører, blir for hushalda i hovudsak finansiert gjennom renovasjonsgebyr. Det blir ført eit eige sjølvkostrekneskap og sjølvkostfond for innbyggjarane i eigarkommunane.

På bakgrunn av tidlegare store kostnader til CO₂-avgift, forsikringar og lånerenter, har selskapet sidan 2023 hatt eit negativt sjølvkostfond.

Ved inngangen til 2025 var fondet negativt med kr 4.591.800. Dette var fordelt med negativt fond mot hushaldsrenovasjon på kr 4.765.000 og kr 173.200 positivt mot slamkundar i Ulstein og Hareid. Konsekvensen av dette var at renovasjonsgebyra måtte aukast også for 2025, for å gradvis dekke inn det negative fondet.

Sjølvkostresultatet i 2025 har vore betre enn budsjettert, og gav eit positivt resultat mot sjølvkostfondet på kr 710.000. Fondet er dermed på kr 4.055.000 negativt ved utgangen av 2025. Budsjettert sjølvkostresultat var på kr 275.000. Det gode årsresultatet gjer altså at selskapet reduserer det negative fondet med meir enn dobbelt så mykje som planlagt.

For slamkundane i Ulstein og Hareid var sjølvkostresultatet negativt kr 10.200 som gjev eit positivt fond ved utgangen av året på kr 163.000.

Konsekvensar for eigenkapitalen

Rekneskapen for 2025 syner eit overskot på ca. kr 2.947.000,- etter skatt. Dette er ei forbetring på ca. kr 3.960.000 i høve til 2024 og ca. kr 1.700.000 høgare enn budsjett. Driftsresultatet viser eit overskot på ca. kr 7.248.000 medan netto kostnad av finanspostane er på ca. kr 3.915.000.

Næringsdelen bidreg til resultatforbetring med eit overskot på ca. kr 1.800.000. Dette resultatet er halde utanfor sjølvkostrekneskapen, men bidreg positivt ved meir effektiv utnytting av driftsmidlane i selskapet.

Overskotet etter skatt, avskrivning og kalkulasjonsrenteutrekninga vart på kr 2.247.264. Dette vart overført til eigenkapitalen som ved årsslutt er på kr 15.280.763.

Vedtak:

Representantskapet godkjenner årsrekneskapen for 2025, disponering av underskot/overskot og melding frå revisor.

Det bør i neste års rapport kome fram at det har vore gjort ei vurdering av å dele ut utbytte til eigarane.

Vedtaks sak R05/26

Godkjenning av eigarmelding for 2025

Sjå vedlegg:

- Eigarmelding 2025

Vedtak:

Representantskapet godkjende eigarmeldinga for 2025.

Vedtaks sak R06/26

Val av revisor og godkjenning av honorar til revisor etter rekning

I 2025 er det kostnadsført kr 78.982 (ekskl. mva.) for lovpålagd revisjon, 17.000 for utarbeiding av årsoppgjeret og 13.000 for utarbeiding av likningspapira. For andre tenester utanfor revisjonen er det fakturert kr 69.029. Andre tenester gjeld arbeid med fordelingsark og fordelingsnøklar, førespurnader og rådgiving, og deltaking i styremøte og representantskap, inkludert førebuingar.

Det er gjennomført ny anbodskonkurranse på revisortenester for rekneskapsåra 2026 – 2029.

BDO AS vart ut frå konkurransen vald som revisor for perioden.

Vedtak:

1. Representantskapet godkjende honorar til revisor etter rekning for 2025, med kr 108.982 (ekskl. mva.) for ordinære revisjonstenester, årsoppgjer og likningspapir, og kr 69.029 (ekskl. mva.) for andre tenester.
2. Representantskapet godkjende valet av BDO AS som revisor for SSR for rekneskapsåra 2026 – 2029.

Vedtaks sak R07/26

Godkjenning av retningslinjer for valnemnda i SSR

Styret legg fram forslag til retningslinjer for valnemnda i SSR, for å imøtekome vedtaket i i sak R07/25. Der ba representantskapet om at det skulle bli utarbeidd retningslinjer for arbeidet til valnemnda.

Leiar i valnemnda har fått tilsendt forslaget til retningslinjer i forkant av årets arbeid i valkomiteen.

Sjå vedlegg:

- Retningslinjer for valnemnda i SSR

Vedtak:

Representantskapet godkjende retningslinjene for valnemnda i SSR.

Vedtaks sak R08/26

Styreval og fastsetting av styregodtgjersle

Valkomiteen v/ Linn Therese Sævik la fram ei tilråding på møtet.

Vedtak:

Representantskapet godkjende framlegget frå valkomiteen. Styret i SSR vil dermed bli slik:

George Harold Fulford (på val)	På val i 2027	Ulstein
Anne Holstad (ikkje på val)	På val i 2027	Ulstein
Camilla Storøy (ikkje på val)	På val i 2027	Herøy
Arnulf Goksøyr (på val)	På val i 2028	Herøy
Oskar Grimstad (ikkje på val)	På val i 2027	Hareid
Anne-Marthe Beitveit (på val)	På val i 2028	Sande

George Harold Fulford blei attvald som styreleiar for perioden 2026-2027

Oskar Grimstad blei attvald som nestleiar for perioden 2026-2027

Styrehonorara blir justert i tråd med kommunal deflator og avrundar oppover til næraste tusen. På representantskapsmøtet i november skal representantskapet drøfte det vidare arbeidet til valnemnda fram mot styrevalet i 2027.

Orienteringssak R09/25

Orienteringar v/styreleiar og dagleg leiar i SSR